

# Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø



## NOREG HAR EI EIGA LOV FOR SKULEELEVAR. I DENNE LOVA STÅR DET AT:

- § Du har rett til å ha det bra og føle deg trygg i klassen din og på skulen.
- § Du har rett til å seie ifrå og bli høyrd. Når du fortel til vaksne at du eller ein venn ikkje har det bra på skulen, har skulen ansvar for at du eller vennen din får det bra igjen!
- § Alle vaksne på skulen skal hjelpe til så dere elevar har det fint saman. De skal seie tydeleg ifrå at det ikkje er greitt å plage eller mobbe kvarandre.

### DU HAR DET DÅRLEG PÅ SKULEN

- Du har det ikkje bra på skulen.
- Du føler deg einsam eller utestengd, og du føler deg ikkje trygg i klassen.
- Du blir plaga og mobba av ein eller fleire elevar eller av ein vaksen på skulen.

### KVA KAN DU GJERE NO?

- Fortel om korleis du har det til foreldra dine eller ein annan vaksen som du stoler på. Be om hjelp til å seie ifrå til læraren din og rektor.
- Skulen skal lage ein plan for kva skulen skal gjere for at du skal få det bra igjen!
- Om dette ikkje hjelper, kan de sende klage til fylkesmannen. Fylkesmannen er den som skal passe på at skulane i fylket følgjer lover og reglar.

### DU HAR DET SÅNN PASSE

- Du begynner å føle deg utanfor på skulen.
- Du begynner å føle deg mindre trygg i klassen din.
- Du begynner å bli plaga av andre og kan ikkje vere deg sjølv lenger.

### KVA KAN DU GJERE NO?

- Fortel ein vaksen som du stoler på, om korleis du har det! Det kan for eksempel vere ein lærar, helsesjuepleiar, rektor eller foreldra dine.
- Vaksne skal hjelpe deg så du får det bra og føler deg trygg i klassen igjen.
- Dersom du har opplevd mobbing eller vonde ting på nett og mobil, er det like viktig å seie ifrå til vaksne så dei kan hjelpe deg.

### DU HAR DET BRA!

- Du har venner.
- Du har nokon å snakke med og stole på.
- Du kan vere deg sjølv, og du føler deg trygg på skulen og i klassen.

### KVA KAN DU GJERE NO?

- Ta med andre på leiken og pass på at alle har det bra!
- Sei stopp til mobbing og sei ifrå til ein vaksen dersom du ser ein elev som ikkje har det bra.

Trafikklyset skal gi deg ei oppskrift på kva du kan gjere for å ha det bra på skulen.

Les meir om den retten du har til eit trygt og godt skulemiljø på [reddbarna.no/skolemiljo](http://reddbarna.no/skolemiljo)

Visste du at du har eit mobbeombod som du kan kontakte, og som kan hjelpe deg?

Finn kontaktinformasjon til mobbeombodet ditt på [elevombudene.no](http://elevombudene.no)